



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
 Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
 Heimeside: www.lindas.kommune.no  
 Kartside: www.nordhordlandskart.no  
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Tor Lien

Kalfarveien 35i  
 5018 BERGEN

Dykkar ref.

Sakshandsamar:  
 Benjamin Hicks

Vår ref.  
 2012/983 - 0 -  
 27779/2012

Telefon  
 56375000

Arkivkode:  
 212/66

Dato:  
 22.11.2012

## Manglar i søknad om tiltak utan ansvarsrett - gbnr 212/66 Eikanger øvre - påbygg båtgarasje

Vi viser til Dykkar søknad motteke her 15.05.2012. Det er i søknaden lagt til grunn at det er kommuneplanen av 2003 som gjeld. Det er kommuneplanen av 2011 som skal leggast til grunn for denne søknaden. Tiltaket skal vidare handsamast etter ny plan- og bygningslov.

Før søknaden kan handsamast, må følgjande avklarast:

1. Søknaden om dispensasjon er ikkje grunngitt. Det må spesifiserast kva for reglar og tilhøve det vert søkt om dispensasjon frå.
  - Etter det vi kan førebels sjå, er omsøkte tiltak i strid med byggegrensa mot sjø (pkt 1.10), krav om reguleringsplan (pkt. 1.1) samt i strid med planføremålet (eigedomen er ikkje bebygd med fritidsbustad).
  - Eigedomen er berre nytta til naust og er då ikkje i samsvar med planføremålet. Ei løysing kan vere å samanføye eigedomane (bnr. 65 og bnr. 66).
2. Vedlegg D1 og E1 er ikkje motteken.
3. Det er ikkje sendt inn situasjonsplan som viser tiltaket
4. Det er ikkje sendt inn planteikning
5. Det manglar teikningar i riktig målestokk som viser gammal situasjon.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 20-1 og byggesak kapittel 5. Overnemnde manglar er til hinder for at kommunen kan ta standpunkt til om vilkåra for gi løyve er stetta. Dette må rettast før kommunen kan fatte vedtak i saka.

### Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ endra av kommunestyret den 08.12.2011. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

<b>C5.2.a5 (§ 20-2tiltak).</b>	<b>Gebyr</b>
Avvist eller mangelfull sak (middels)	500
<b>SUM</b>	<b>500</b>



Eristar

LINDÅS KOMMUNE

Vi gjer merksam på at inntil manglane er ordna, vert saka lagt i ventearkiv. Det vert her gjeve 4 vekers frist for retting av manglar. Viss manglane ikkje er retta innafor fristen, *kan* saka verte sendt i retur og avslutta utan vidare varsel. Byggearbeida kan ikkje setjast i gang før det er gitt skriftleg løyve frå kommunen.

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks  
rådgjevar